

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i fastetida – 13. mars 2022

Preiketekst: Luk 13, 22-30

Lesetekst I: Jes 55, 1-7

Lesetekst II: 2 Kor 6, 1-10

Når døra er både trong og stengt

Me er midt i fastetida. Jesus fasta i øydemarka i førti dagar, les me (Matt 4). Til slutt vart han svolten. Og han vart freista av djevelen. Like lenge som Jesus opplevde det, varer fastetida i vår samanheng. Frå oskeonsdag til og med palmesundag er det førti dagar.

Ljos og mørke

På same tid som våren bryt seg fram, i alle fall her på Jæren der eg bur, og ljøs og varme stadig vert sterkare, og nytt liv kjem til syne, så er denne tida prega av fokus på Jesus sin lange og tunge veg mot kross, liding og død. Meir ljøs i naturen, altså, men stadig mørkare i det åndelege livet.

Ikkje så mange praktiserer faste i bokstaveleg tyding. Skjønt det ser ut som om stadig fleire praktiserer heil eller delvis faste i deler av denne tida. Fasta kan også innebera at ein lever enklare og legg frå seg noko av det faste ein omgjev seg med. Ikkje for at ein skal verta verken frommare eller betre som kristen, men for å gje tid og rom for åndeleg konsentrasjon. Faste skulle ikkje vera framandt for nokon av oss. Det er ikkje berre i Det gamle testamente ein les om dette. Også i Det nye testamente står det om faste. Til dømes hjå Matteus. Legg merke til 6,16-17. Der står det ikkje: Om de fastar. Nei, det står: Når de fastar. Det syner oss at det truleg var ganske vanleg at Jesu vener heldt faste.

Vend om

Kva seier så teksten til oss denne sundagen midt i mars? Jesus er i møte og samtale med mykje folk, både heilt alminnelege jødar og farisearar og skriftlærde. Ikkje berre i dei versa som utgjer preiketeksten, men i heile kapittel 13, ser me dette. Han ber folk om å venda om. Me les om fikentreet som ikkje ber frukt, og gartnaren som ber om at det kan få stå eit år til. Jesus lækjer ei kvinne på sabbaten. Då var det ein synagogeforstander som reagerte. Og etterpå kjem likningane om sennepsfrøet og surdeigen. Det som er så lite, kan veksa til noko veldig stort. Det er også sanninga om Guds rike. I det heile tatt; nokre dagar der Jesus møter folket med utfordrande forkynning. Ikkje alle taklar det. Nokre reagerer heftig. Slik sett kunne dette kapitlet visst også vore henta frå vår eiga samtid.

Frelse for få eller mange

Det blir ikkje mindre utfordrande når han så stoppar i ein ny landsby og samlar folk rundt seg som vil lytta til han. Det er ein der som undrar seg: Herre, er det få som blir frelste? Me veit ikkje motivet for dette spørsmålet. Er det frykt for at det skal bli få – altfor få – og at han sjølv kanskje ikkje får del i frelsa? Eller er han ute etter å setja Jesus fast?

Det er uansett fint å sjå at denne mannen, temmeleg sikkert ein jøde, er oppteken av Jesus og frelse. Det er så visst inga sjølvstakt sak – korkje i NT-forteljningane eller i dag, korkje i jødiske miljø eller hjå oss her i vest-Europa. Jesu svar er krevande. Det er ganske vanleg at Jesus ikkje svarer direkte når han får spørsmål, men enten ved motspørsmål eller ved utfordrande bilete eller likningar. Her seier han: Kjemp for å koma inn gjennom den tronge døra! Mange skal freista, men ikkje greia det.

Så nemner Jesus herren i huset som har reist seg og stengt døra, frå innsida. Då hjelper det ikkje om ein står utanfor og bankar på og vil inn.

Ei utfordrande dør

Her er eigentleg to utfordringar med denne døra. For det eine står det om døra at ho er trong. I andre bilete i NT er det så vrient å få del i frelsa at det er som om ein kamel skulle krypa gjennom eit nålauga. Alle skjønar jo at det går ikkje. Men sjølv om det ikkje direkte er det biletet som er nytta her, så står det fast at døra er trong. For å seia det med eit populært omgrep: Det er ikkje bare å koma her og koma her, og tru at alle slepp inn!

Men – om så døra hadde vore stor og høg og brei, så hjelper ikkje det heller om herren i huset står på innsida og låser att. Når døra altså både er trong og låst, då er det dobbelt umogleg å koma inn.

Den som bankar på, syner til måltidsfellesskap med Meisteren og at dei har høyrte på han medan han underviste på gatene. Men han avviser dei. Han kjenner dei ikkje. Og ikkje berre det, men han seier at dei har gjort urett, og at dei sjølve vil verta kasta utanfor og gråta når dei ser at patriarkane frå den gamle tida – Abraham og Isak og Jakob – er på innsida. Og ikkje berre dei, men folk frå alle himmelretningar vil vera samla der. Medan dei som bankar på den umoglege døra, ikkje slepp inn.

Kain og Abel

Tankane går langt tilbake til forteljinga om Kain og Abel. Begge bar fram fine offergåver for Herren. Men Kain vart avvist; Abel ikkje. Korleis heng det saman? Er nøkkelen at Abel ofra av det mest dyrebare, det førstefødte? Medan Kain ofra av overskotet, og ikkje var så nøye med om det ville vera til hugnad for Herren eller ikkje? Kanskje det eigentleg ikkje var eit offer, i streng forstand?

Tenkjer me – både jødar og heidingar – at me kan ta imot frelsa og sæla for ein billig penge? Er det kampen for å koma inn me skyr? Me vil helst berre åka rett inn, utan å endra korkje på innstilling eller haldning? Eller sagt med endå andre ord: Er det erkjenninga av at me er syndarar alle saman, som er det eigenlege hinderet? For erkjenner me ikkje det, så kan vegen til frelsa fort vera stengt for oss. For då ser me heller ikkje klart at me treng hjelp utanom oss sjølve, om me skal vinna frelse og sæle for tid og æve.

I forteljinga om kamelen og nålauget står det lukkelegvis også at dette er umogleg for menneske, men for Gud er alt mogleg! Var det for å hjelpa både mannen som spurde, og dei andre tilhøyrarane til å få fram denne erkjenninga, at Jesus var så krass og avvisande?

Kanskje tekstane denne mars-sundagen kan hjelpe også oss, både predikant og forsamling/kyrkjelyd til auka medvit om dette!?

Alt er gratis

Lesetekstane denne dagen skal me sjølv sagt også lytta til, og dei slår fast at frelse er oppnåeleg. Jesaja 55 er meir enn klar på dette punktet. Alt er endåtil gratis! Kom berre og ta imot!

Og 2 Kor 6 er like viktig å ha med seg: Der står at det faktisk er mogleg å ta imot Guds nåde forgiveves (må det aldri skje med nokon av oss!). Men også dette: Sjå, no er den rette tid, no er frelsens dag.

Om få dagar (16.-18. mars) vil jødar over heile verda feira purim. Då minnest dei korleis det bar til at jødane vart berga frå den vonde Haman, etter at dei var truga på livet. Alt dette står å lesa i Esters bok. Der står det også at dette skal ein minnast og markera kvart år til æveleg tid. Me som lever i dag, både jødar og heidingar, kan meir enn gjerne vera med og markera purim. Antisemittismen er så visst ikkje utrydda!

På same tid skal me med stort frimot få vitna om at evangeliet er ei Guds kraft til frelse, for jøde først og så for oss grekarar (folkeslaga). Jødane har førsteretten til evangeliet, men ikkje einerett. Me skal alle kjempa for å koma inn gjennom frelsesdøra. Denne døra er eigentleg Jesus Messias sjølv; vegen, sanninga og livet. -Du kjem ikkje utanom Jesus, heiter det i ein song, som ein i mange miljø song ofte før. Innhaldet er like sant i dag, for oss alle.

Paul Odland

Pensjonist. Tidlegare misjonsrådgjevar i Den Norske Israelsmisjon
paul.odland@lyse.net